

Staten og den norske kyrkja - eit tydelig skilje. Uttale frå Storfjorden kyrkjelege fellesråd.

1. Innleiing

Storfjorden kyrkjelege fellesråd (SKF) tek til vitande det som er nemnt under hovudpunkt 1 i høyringa.

2. Kyrkja sine rettslege tilhøve

2.1 Storfjorden kyrkjelege fellesråd (SKF) støttar oppretting av eit nasjonalt kyrkjeleg rettssubjekt.

For at kyrkja skal vere i stand til å overta oppgåvene frå staten ved Kongen, ser SKF det som naudsynt at det vert oppretta eit nasjonalt kyrkjeleg rettssubjekt. Kyrkja sitt øvste styrande organ, Kyrkjemøtet må opptre som rettssubjekt på nasjonalt nivå på vegner av Den norske kyrkja.

Fase 1 i forvaltingsreforma er i realiteten ei verksemdsoverdraging. For å sikre at kyrkja er operativ frå dag éin, må Kyrkjemøtet også kunne delegerare ansvar og mynde til dei respektive kyrkjelege organ. Dagens oppgåvefordeling må ikkje takast for gitt. SKF ønskjer at det må kome ei breiare drøfting av alternativ oppgåvefordeling mellom lokalt, regionalt og sentralt nivå. SKF støttar tanken om at det ikkje skal vere eit over- eller underordningstilhøve mellom det nasjonale og lokale rettssubjektet. Det må likevel kunne opnast for utprøving og etablering av alternative måtar å løyse oppgåver mellom nivåa.

SKF meiner det er viktig at arbeidsgjevaransvaret i kyrkja vert samla til eitt organ.

2.2 Storfjorden kyrkjelege fellesråd meiner at soknet sin status som lokalt rettssubjekt må styrkast.

Soknet er i dag grunneininga i kyrkja, og har status som rettssubjekt. SKF meiner at soknet sin posisjon i kyrkja må utviklast og styrkast. Det skjer ved at soknet får høve til større sjølvstyre innan dei rammes kyrkja nasjonalt stiller til disposisjon, og ved bruken av ressursar som tilkjem soknet lokalt. I spørsmål om større sjølvstyre lyt det også vere høve til å finne lokale samarbeidsmåtar med andre sokn etter ønskje og behov. SKF meiner at det kan vere trong for å sjå på soknstrukturen på nytt, utan at vi vil setje noko øvre eller nedre grense for kor store/små sokna kan vere. Rådande prostigrenser eller gjeldande/komande kommunegrenser, bør ikkje leggje faste føringar for korleis eit administrativt samarbeid i og mellom sokna skal utviklast.

SKF har, gjennom forsøksordning, eit fellesråd for 5 av 6 kommunar i prostiet. Våre erfaringar syner at det er store utfordringar knytt til den kommunale finansieringa av kyrkja. Vi ser føre oss at ordninga med fellesråd må vidareførast, i alle fall i ein overgangsperiode, for å ta hand om fellesrådet sine arbeidsoppgåver. Om fellesrådet skal vidareførast i den nye organiseringa av kyrkja, er eit spørsmål vi meiner må inngå i den vidare drøftinga av alternativ oppgåvefordeling. Viktige moment her bør vere om fellesrådet skal kunne femne om fleire kommunar, og om det er mogleg å utarbeide klare kriterium og tenlege modellar for den kommunale finansieringa.

2.3 Storfjorden kyrkjeleg fellesråd støttar soknet sin rett til presteneste.

I høyringa frå departementet er det gjennom framlegg til ny kyrkjelov § 2 føresett at det skal vere presteneste i kvart sokn: ”Hvert sokn skal være betjent av prest, hvert prosti av prost og hvert

bispedømme av biskop". SKF støttar at denne føresetnaden vert klargjort og teken inn i lova. Ved dette vert den grunnleggjande strukturen vi har i kyrkja i dag, stadfesta.

SKF er av den meining at på same måten som det er naturleg å sjå på soknestrukturen på nytt, vil det og vere naturleg å vurdere struktur for prosti og bispedømme.

Høyringsnotatet foreslår at det sentrale rettssubjektet får generell mynde til å organisere og regulere prestane, prostane og biskopane si teneste innanfor dei ramme som vert gitt av den allmenne arbeidsretten (styringsrett).

Det hadde vore ønskjeleg at det også var utdjupa korleis soknet/ soknet sine organ skal kunne medvirke og involverast i prestetenesta sitt omfang og utvikling. SKF føreset at det vert ein del av drøftingane knytt til fase 2 i reforma.

Grensedraginga mellom prestane sitt sjølvstendige ansvar, andre tilsette sitt ansvar og dei kyrkjelege styringsorgana sitt ansvar, vil høyre inn under Kyrkjemøtet gjennom det nye myndet møtet får til å fastsette m.a. tenesteordningar m.v. Under dette følgjer også at prestetenesta må organiserast for å kunne ivareta ordinasjonsforpliktinga og rettane som eit personleg ansvar og kall. Utifrå dette støttar SKF departementet sitt forslag til § 34 i Kyrkjelova: «All presteteneste skal organiseres slik at prestene kan utøve sin tjeneste i samsvar med ordinasjonens forutsetninger og forpliktelser.»

Samstundes som SKF støttar soknet sin lovfesta rett til presteteneste, saknar vi målsetjingar og lovforankring for trusopplæringa og andre oppgåver i lokalkyrkjelyden.

3. Kyrkja si grunnleggjande stilling og grunnlag ved skilje frå Staten.

3.1 SKF tilrår at kyrkja sin økonomi blir sikra gjennom rammetilskot.

I dag blir om lag 1/3 av totaltilskotet til drift av kyrkja kanalisert gjennom tilskot frå departementet, og resten gjennom kommunane. Vi støttar at denne finansieringsordninga blir vidareført, men at det blir arbeidd aktivt med å finne ei forutsigbar finansieringsordning. Om det seinare skulle vere tale om medlemskontingent, meiner vi at alle borgarar i landet bør betale same sum til sitt trus- eller livssyns-samfunn. Frå dei som ikkje er medlemmer, går summen til allmenne kulturføremål, jamfør andre nordiske land.

Det nye sentralkyrkjelege rettssubjektet bør ha som ei av sine fremste oppgåver å forvalte kyrkja sin økonomi og fordele midlar til drift og satsingar i heile nasjonalkyrkja. Ein slik finansieringsmodell må bidra til at den lokale kyrkja får like økonomiske rammevilkår i dei ulike landsdelane.

3.2 Konsekvensar av verksemdsoverdraging.

SKF ser det som viktig med gode rekrutteringsordningar for prestar og andre kyrkjeleg tilsette.